

# Sund Sokneblad

Nr. 2

1. april 2020  
Årg. 89



FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Den nye prosten i Vesthordland, Jan Tommy Fosse, vart innsett i stillinga i ei gudsteneste i Strusshamn kyrkje søndag 8. mars.

side 6

## 4-årsboka

I gudstenesta i Sund kyrkje 2. februar fekk 4-åringane i Sund sokn utdelt «Bibelboka mi» av Soknerådet.

side 10

## Jesus i GT

Kva står det om Jesus i Det gamle testamentet? Det var spørsmålet som Kjell-Asle Børnes stilte då han var gjest på Føremiddagstreffet i januar. Han viste til fleire bibelstader.

side 3

## Sjømannskyrkja

Under eit besøk på Tenerife i februar fekk vi hove til å besøkja Sjømannskyrkja, som held til i byen Los Christianos.

side 11

## Årsmeldinga

I midten av bladet finn du denne gongen Årsmeldinga for 2019. Der kan du lesa kva som skjedde i kyrkjelyden det siste året.

midtsidene

## Konfirmasjonane

Konfirmasjonane i år er utsette frå mai til september. Nye datoar og fordeling av konfirmantane

side 8

## Kyrkjekino

16. februar var mange 13-åringar i soknet samla til kyrkjekino i Kyrkjekjellaren.

side 9

## Pastoralt perspektiv

### HÅP I KORONATIDER

Vi er i ein spesiell situasjon, som vil kreve mykje av mange i tida framover!

I den samanhengen var det godt å høyra Kong Harald sin samlande tale, og særleg godt var det å høyra at han ber for oss alle!

Så er det også godt å vita at vi når som helst kan venga oss til Kongen over kongane, som seier: «Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje redd, for eg er din Gud! Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand». (Jesaja 41,10)

Lat oss stå saman og finna trøyst, mot og håp i dette!

Og lat bøna frå biskopen vår vera vår felles bøn:

*Herre Jesus Kristus, Du lækte sjuke og tok deg av dei som var hjelplause.*

*Vi kjenner oss hjelplause i denne kristiske tida for menneske i heile verda.*

*Ta deg av dei som er smitta og dei som er sjuke.*

*Lat dei få att helsa.*

*Beskytt dei som har lågt immunforsvar, frå å verte smitta.*

*Kom med din fred til dei som er redde.*

*Verna dei som arbeider i helsevesenet og omsorgstenestene, så dei ikkje vert smitta.*

*Vi bed for skulelevar, familiar og verksemder som vert ramma hardt av denne pandemien.*

*Gje visdom til styresmaktene i kommunen vår, i Noreg og i verda til å handtere denne situasjonen. Hjelp oss å få kontroll over spreiainga av korona-viruset.*

*Miskunna deg over oss, Herre Jesus.*

Alt godt, og Guds velsigning over dagen og framtida!

Kjell-Asle Børnes

### Gudstenesteliste med etterhald

Gudstenestelista er teken med på denne sida som vanleg, men koronaviruset gjer at det er usikkert når det igjen kan haldast gudstenester. Du kan gå inn på nettsida [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden) og klikka deg inn på **Sund sokn** for å bli oppdatert på kva som blir gjennomført.

Konfirmasjonsgudstenestene som skulle vore i byrjinga av mai, er utsette til byrjinga av september.

## Velkommen til gudsteneste

### 05. april – Palmesøndag – Joh 12,12-24

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/K.A.Børnes og Dag R. Pettersen. *Påskevandring*. Dåp og Nattverd Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 09. april – Skjærtorsdag – Matt 26,17-30

SUND kyrkje kl 18:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: 4 diakoni-institusjoner

### 10. april – Langfredag – Mark 14,26 – 15,37

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Langfredagsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes

### 12. april – Påskedag – Luk 24,1-9

SUND kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Sjømannskyrkja

### 13. april – 2. påskedag – Luk 24,1-9

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Menighetsfakultetet

### 19. april – 2. søndag i påsketida – Joh 21,1-14

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet  
*Kyrkjelyden sitt årsmøte etter gudstenesta!*

### 26. april – 3. søndag i påsketida – Joh 10,11-18

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Bibelskulen, Bildøy

### 03. mai – 4. søndag i påsketida – Joh 16,16-22

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 10. mai – 5. søndag i påsketida – Joh 15,1-8

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 17. mai – Grunnlovsdag – Sal 127,1-3

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes Takkoffer: KIA

KAUSLAND kyrkje kl 12:30 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: KIA

### 21. mai – Kristi himmelfartsdag – Mark 16,19-20

TELAVÅG bedehus kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Bedehuset

### 24. mai – Søndag før pinse – Joh 15,26-27

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Amathea  
**SØNDAGSSKULE!**

### 31. mai – Pinsedag – Joh 20,19-23

SUND kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

### 01. juni – 2. pinsedag – Joh 20,19-23

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

### 07. juni – Treeiningssøndag – Matt 28,16-20

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: NKSS  
**SØNDAGSSKULE!**

### 14. juni – 2. søndag i treeiningstida – Matt 3,11-12

TYSSØY kl 11:00 Friluftsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp. Takkoffer: Kirkens Bymisjon

## Kyrkjeskyss - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dåvøy - tlf. 936 10 773

# Jesus i Det gamle testamentet

Kva står det om Jesus i Det gamle testamentet? Det var spørsmålet som Kjell-Asle Børnes tok opp då han var gjest på Føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren siste onsdagen i januar.

Han viste m.a. til Luk 24 der Jesus møter Emmausvandrarane og seier til dei: «Kor lite de skjønar.» Og så står det at han tok til å leggja ut for dei alt som står om han i alle skriftene.

Alt i Mos meinte Kjell-Asle at Jesus er med når det står: «Lat oss laga mennesket i vårt bilet.» Her snakkar Gud med seg sjølv, som altså er 3 og der Jesus er ein av dei.

Eller i Joh 1 der det m.a. står: «Vi har møtt han som Moses har skrive om i lova, og som profetane har skrive om: Det er Jesus frå Nasaret, son til Josef.»

Kjell-Asle viste òg til Salme 22 der vi kan lesa: «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate

meg?» Dette er dei same orda som Jesus brukte då han hang på krossen.

Ein av dei stadene i Det gamle testamentet som kanskje sterkest vitnar om Jesus, finn vi i Jesaja 53, og Kjell-Asle tok seg tid til å lesa dette kapittelet, der det m.a. står: «Kven trudde bodskapen vi fekk?» «Sanneleg, våre sjukdomar tok han, vår smerte bar han. Vi tenkte: Han er ramma, slegen av Gud og plaga. Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte.»

Vi kunne ha nemnt fleire stader både i Det gamle og Det nye testamentet som Kjell-Asle meinte viser at det står om Jesus alt i Det gamle testamentet, og at dette vart stadfesta av dei som skrev Det nye testamentet.

Olai Otterå



Kjell-Asle Børnes var gjest på Føremiddagstreffet i januar.



Som vanleg kunne ein forsyna seg av maten som var sett fram før ein lytta til kva Kjell-Asle Børnes hadde å koma med.

## Årsmøte i Sund sokn

Det vert årsmøte i Sund kyrkje 19 . april, etter gudstenesta.

Informasjon om arbeidet i soknet  
Årsmelding 2019

Vel møtt!

Svein Marius Myklebust  
Leiar i soknerådet

## Koronaviruset

Øygarden kyrkjelege fellesråd og prestetenesta har sett i verk ei rekke førebyggande tiltak. Desse tiltaka kom tidleg, i samsvar med råd og pålegg frå Folkehelseinstituttet.

Torsdag 12. mars kom det ei kraftig innstramming frå sentrale styresmakter i høve tiltak. Det medførte at alle våre aktivitetar, med unntak for gravferder, vart avlyste inntil vidare.

Du finn oppdatert informasjon til ei kvar tid på vår nettside, også når det gjeld gravferd. Dette gjeld også aktivitetar som er annonserte i dette bladet, men som muligens vil utgå. Konfirmasjonane er utsette til i haust. Dei nye datoane står i bladet på side 8.

Det er høve til å kontakte presten og vår diakonale teneste. Du finn telefonnummer til presten på nest siste side i bladet, elles på nettsida.

For avlysing av kommande aktivitetar, sjå vår nettside:  
[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

# Kyrkjene i Øygarden

Det er 8 kyrkjer i Øygarden, inkludert Hjelme gamle kyrkje som ikkje er i dagleg bruk. Kyrkjene er eit av få signalbygg i kommunen. Dei fortel ein historie, samstundes som dei har ei viktig rolle i lokalsamfunnet. Mange har eit nært forhold til si kyrkje.

**AV: OLAV MARTIN VIK, KYRKJEVERJE**



Kausland kyrkje - byggjeår 1881



Sund kyrkje - byggjeår 1997



Fjell kyrkje - byggjeår 1874



Foldnes kyrkje - byggjeår 2001



Landro kyrkje - byggjeår 1977



Blomvåg kyrkje - byggjeår 1931



Hjelme kyrkje - byggjeår 1971



Hjelme gamle kyrkje - byggjeår 1875

Kyrkjelova seier dette om forvaltnin-  
ga av kyrkjene:

*§ 18. Forvaltning av kirkene  
og begrensning i rådighet.  
Forvaltningen av kirkene hører  
under kirkelig fellesråd, med  
mindre annet er bestemt av  
departementet.*

Øygarden kyrkjelege fellesråd legg vekt på å halde kyrkjene i god stand, innanfor dei til ei kvar tid gjeldande økonomiske rammer. Kommunen har vore og er ein god samarbeidspartner

når det gjeld vedlikehald og kostna-  
dar knytt til dette. Kyrkjene er store  
bygg og det er særskilte krav til ved-  
likehald når det gjeld materialval. For  
nokre av kyrkjene må Riksantikvaren  
godkjenne tiltaket. Krav til tryggleik  
og brannsikring er høgt prioritert.  
Brannvesenet har tilsyn omrent  
kvart år.

Det er soknet som eig kyrkjene og  
når det gjeld utleige og bruk så er det  
soknerådet, soknepresten og bisko-  
pen som kan avgjere bruken av kyr-  
kja. Det er reglar for bruk av kyrkjene.

I 2019 var det nær 46 000 deltagarar  
på gudstenestene i dei 7 operative  
kyrkjene i kommunen. I tillegg kjem  
gravferder, bryllaup, konsertar og  
ei rekke andre aktivitetar på dag og  
kveldstdid.

Lån og utleige av rom i kyrkjer vert  
handtert av kyrkjeleg fellesråd.  
Kontaktinformasjon:  
[post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no) eller  
telefon 55 09 74 40.  
Besøksadresse:  
Øygarden kyrkjecontor,  
Tytebærbrekko 2, Straume.

# Gravferd og gravplassforvaltning i Øygarden

Gravferdsordning og forvaltning av gravplassar er regulert i norsk lov og forskrift (gravferdslova). Det er Øygarden kyrkjelege fellesråd som organisasjon som forvaltar ordninga på vegne av stat og kommune.

AV: OLAV MARTIN VIK, KYRKJEVERJE

Dette seier lova:

§ 3. Kirkelig fellesråds og kommunens ansvar.

Kirkelig fellesråd har ansvaret for at gravplasser og bygninger på gravplasser forvaltes med orden og verdighet og i samsvar med gjeldende bestemmelser.

Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag fra fellesrådet.

**Lov og forskrift** regulerer alt som gjeld gravlegging, kremasjon, forvaltning av gravplassar og festeavgifter. Det skal utarbeidast eigne vedtekter for gravplassane.

**I Øygarden kommune er det 17 gravplassar** som er i aktiv bruk. Fleire av gravplassane er av nyare dato og nokre av dei er anlagt med namna minnelund og eigne felt for muslimar. Det er eit mål å kunne tilby namna minnelund på fleire gravplassar.

**Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for gravlegging av alle døde,** uavhengig av tru- og livssyn. Forvaltningsansvaret heng ikkje saman med trussamfunnet Den norske kyrkja. Val av seremoni gjer pårørande når dei skriv under begjæring av gravlegging. Kyrkjeleg fellesråd har

ikkje ansvar for seremonirom utanfor Den norske kyrkja (kyrkjene). Det er eit kommunalt ansvar.

## Busette i kommunen, rett til fri grav og festeavgift

Avdøde personar med bustadadresse i Øygarden har rett til fri grav i ein periode på 20 år. Dersom ein ønskjer ei grav ved sida av (festa grav/dobbelgrav) må ein betale festeavgift for den grava frå første dag. 20 år etter siste gravlegging vert desse dobbelgravene rekna som ein gravstad og festeavgifta vert då redusert. Alle satane er annonsert i tidlegare utgåve av kyrkjebladet og ein finn informasjon på fellesrådet si nettside.

## Busette i annan kommune

Avdøde personar med bustadadresse i ein annan kommune, kan etter grunngiven søknad frå pårørande til kyrkjeleg fellesråd verte gravlagt i Øygarden. Ein må då betale kostnad med gravlegging og festeavgift frå første dag.

## Sletting av grav

Den som festar ei grav kan be kyrkjeleg fellesråd slette grava. Gravsteinen vert då tatt bort og grava går tilbake til fellesrådet si forvaltning. Det er ikkje høve til å slette ei grav i ein gravstad (dobel grav). Sletting omfattar alle gravene i gravstaden.

Lova opnar ikkje opp for oppsett av namneplater på gravplassen for

graver som er sletta. Det er høve til å flytte eit namn frå ei sletta grav til ein gravstein på ei anna grav dersom festar godkjennar dette. Dette må ein søkje om til kyrkjeleg fellesråd.

## Fakturering av festeavgift

Fakturering skjer i 5-årsbolkar og går automatisk. Festar treng difor ikkje kontakte kyrkjeleg fellesråd når det gjeld fornying av feste. Ubetalt faktura vert purra. Dersom festeavgifta ikke vert betalt vil grava til slutt verte sletta, med førehandsvarsling.

## Meir informasjon

Meir detaljert informasjon og gravplassvedtekten finn ein på vår nettside:  
[www.kyrkja.no/oygarden/gravferd](http://www.kyrkja.no/oygarden/gravferd)

Er du usikker på det som gjeld gravferd og gravplassforvaltning, kontakt oss: [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no) eller telefon 55 09 74 40

Besøksadresse:  
Øygarden kyrkjekontor,  
Tytebærbrekko 2, Straume.

## Delegert mynde

Kyrkjeleg fellesråd si daglege drift er delegert til kyrkjeverja. Det er seksjon kyrkjer og gravplassar som utøver rolla dagleg som gravplassmyndigkeit.

## Vår nettside:

[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)



Til stades på innsetjinga var biskop Halvor Nordhaug saman med prosten og alle prestane i prostiet og ordførarane i Askøy og Øygarden.

## Jan Tommy Fosse innsett som prost i Vesthordland



Den nye prosten i Vesthordland forsnyer seg av den store marsipankaka.

**Søndag 8. mars vart Jan Tommy Fosse innsett som prost i Vesthordland. Mange møtte fram i Strusshamn kyrkje på gudstenesta denne kvelden. Biskop Halvor Nordhaug deltok i sjølve gudstenesta saman med prestane i prostiet.**

Til stades var også ordførar Siv Høgtun i Askøy kommune og Tom Georg Indrevik frå Øygarden kommune. Dei kom også med helsingar under kyrkjekaffien. Begge ønskte den nye prosten velkommen i tenesta, og dei såg fram til eit godt samarbeid.

Mannskoret AvogTil frå Foldnes kyrkjelyd song i gudstenesta. Jan Tommy Fosse er med i koret.

Biskop Halvor Nordhaug ønskete Fosse velkommen i tenesta som prost og las opp innettingsbrevet. Han hadde også forbøn for Fosse. Biskopen overrekte som gavé eit prostekors.

I sin tale til kyrkjelyden tok Fosse utgangspunkt i Luk 7,36-50 om kvenna som salva Jesu føter. I møte med Jesus fekk kvenna eit ærleg møte med seg sjølv. I kristne samanhengar kan det ofte kome skarpe skille, - dei som er innanfor og dei

som er utanfor. Jesus seier at for Gud er alle menneske uendeleg verdfulle, og hans kjærleik til den enkelte av oss vert ikkje begrensa utfrå det me måtte finne på å sette opp av skott, veggar, murar eller anna som kategoriserer eller setter deg eller meg i ein bås – heldigvis. Jesu bodskap er at Gud tilgir synd. Stor eller lita synd i menneske sine auge.

Olav Martin Vik

FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Mannskoret AvogTil frå Foldnes kyrkjelyd song i gudstenesta.

# – Var på tide med nye utfordringer

**Etter å ha jobbet i Sjømannskirken som både prest og daglig leder, fant Jan Tommy Fosse en stilling som var en kombinasjon av disse to stillingene. 1. mars begynte han som Prost i Vesthordland prosti.**

## Hjem er Jan Tommy Fosse?

Det er et stort spørsmål. Jeg er 46 år, hadde min oppvekst i Degernes i Indre Østfold, gift med Inger og pappa til Mathias, Daniel og Rebekka. På videregående bestemte jeg meg for at det var prest jeg ville bli. Jeg ønsket å jobbe med mennesker, og jeg ønsket å dele Guds kjærlighet til oss mennesker vist oss gjennom Jesus – og det er fortsatt dette som driver meg i min tjeneste som prest. Elles liker jeg å sykle og lese, og min store hobby er fly og sivil luftfart.

## Hvorfor vil du være prost i Vesthordland?

Etter over 15 år i Sjømannskirken fant jeg ut at det var på tide med nye utfordringer, og til å bruke meg selv på litt andre måter. Og, jeg kjente ganske tydelig at jeg nå trengte et skifte med mulighet til å gjøre mer prestetjeneste. Jeg begynte å se meg om etter muligheter, og da dukket stillingen som prost opp. Nå vil jeg få bruke både min erfaring som prest og min erfaring

som leder, og dette kombinert i en jobb – det må vel være drømmejobben? I hvert fall tenker jeg det.

Vesthordland er et spennende og variert prosti med masse dedikerte og flotte medarbeidere, både ansatte og frivillige. Å få være med i dette arbeidslaget tenker jeg er et privilegium.

## Du har vært utenlandssjef i Sjømannskirken. Hvilken erfaring har du med deg som kan være nyttig i den nye stillingen?

I Sjømannskirken har jeg fått være med å lede en stor organisasjon med medarbeidere spredt over hele verden. Det har lært meg viktigheten av å ha felles grunnlag og mål for arbeidet vi står i, og at det er noe vi strekker oss mot sammen. Avstandene i Vesthordland er lagt mindre, men grunnlaget og målet er like viktig. Jeg kommer til å ta med meg at min viktigste oppgave som leder er å gjøre det jeg kan for at mine medarbeidere skal lykkes i utøve sin jobb på best mulig måte.

## Hva vil du prioritere først i din nye stilling?

Min første prioritering er å bli kjent med menighetene, prestene og de andre medarbeiderne. Jeg gleder meg til å bli

kjent med hvem de er, hva de jobber med, hvor de opplever at de lykkes og hvor det er mer krevende. Så må jeg finne ut hva de trenger av meg, og hva jeg kan bidra med. I tillegg til dette har jeg mye å lære. På system og strukturnivå har mye endret seg siden sist jeg jobbet i Den norske kirke.

## Du kommer til et stort prosti, 10 sokn og to store fellesrådsrådsområder. Hva tenker du kan vere utfordrante i møte med fremtiden?

Fremover ligger det store og viktige ting som skal jobbes med og avklares, f.eks. kirkens organisering og finansiering. Jeg er redd vi vil se at økonomien fremover blir trangere, noe som nok vil tvinge oss til krevende prioriteringer. Og det er en stor utfordring at stadig færre velger å bære barna sine til dåp.

Kirkens viktigste oppgave er å formidle budskapet om Jesus Kristus og være Guds hender og føtter i verden. Som kirke er vi kalt til å vise Guds kjærlighet i ord og handling. Dette kallet må stadig blantpusset slik at mennesker i vårt nærmiljø kan høre og oppleve at det er dette kirken er og gjør.

Olav Martin Vik

FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



## JAN TOMMY FOSSE

- Er gift og har tre barn
- Har jobbet som gardeprest i Hans Majestet Kongens garde
- Har jobbet i Sjømannskirken i over 15 år, både i Huston og i Singapore.
- Som prost i Vesthordland prosti skal han lede prestetjenesten i Øygarden og på Askøy.
- Han kommer til å ha guds-tjenester i begge kommunene.



**NYTILSETT:** Olav Fykse Tveit er tilsett som preses for Bispekonferansen. (Foto: Den norske kyrkja)

## Olav Fykse Tveit tilsett som preses

**Olav Fykse Tveit kjenner som ny preses for Den norske kyrkja eit ansvar for å vere representativ for heile kyrkja, men også å vere profilert og synleg i samfunnsdebatten.**

Fykse Tveit (59) vart i slutten av januar formelt tilsett av Kyrkjearådet som preses for Bispekonferansen i Den norske kyrkja. Han kjem frå stillinga som generalsekretær i Verdkyrkjearådet der han har vore i 10 år.

Han tek over etter Helga Haugland Byfuglien som går av for aldersgrensa og som hadde si avskilsgudsteneste i Nidarosdomen siste søndagen i januar. Fykse Tveit tiltrer likevel ikkje før i april.

Under Kyrkjemøtet i Trondheim skal det søndag 26. april vere vigslingsgudsteneste i Nidarosdomen. Då blir Olav Fykse Tveit vigsla til si nye leiarstilling i Den norske kyrkja.

Tidlegare har Fykse Tveit vore sokneprest, teologisk konsulent og generalsekretær i Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja. Han har også ein teologisk doktorgrad.

### Lytte og samle

– Ein biskop skal både lytte til dei andre og samle og foreine mangfaldet i kyrkja om vår felles tro. Som preses har eg eit særleg ansvar å vere representativ for heile kyrkja og samstundes vere profilert. Det kan stundom bety at det er viktigare at ein formidlar bodskapen på ein god måte enn å dominere debatten og få det siste ordet, seier den nytilsette biskopen ifylgje kirken.no.

Stein Gudvangen, KPK

## Retting

I førre nummer hadde vi eit innslag frå fellesgudstenesta i Sotra Arena. Der kom vi i skade for å skriva at Sølvi Schei song soloinnslag med to av kora. Det rette skulle vera at det var Sølvi Sangolt Førde som song. Vi seier oss leie for feilen.

# Konfirmasjonar i september

Konfirmasjonane i år skulle eigentleg ha vore sundag 3. mai i Sund kyrkje og laurdag 9. mai og sundag 10. mai i Kausland kyrkje. Men koronaviruset gjorde at konfirmasjonane vart utsette til byrjinga av september. Nedanfor finn du dei nye datoane, tidspunkta og korleis konfirmantane er fordelt på desse.

### Sund kyrkje

**sundag 6. september kl. 11.00**

Adrian Johannessen  
Brage Ellertsen  
Even Bruaas Gjertsen  
Hannah Emilia Lundekvam  
Henrik Kalgraff Aasheim  
Ida Kvammen Rosendal  
Ingrid Kobbvik Fjellanger  
Ingrid Rokkan  
Kristoffer Gullaksen Sekkingstad  
Martine Økland Samland  
Mats Marius Samland Løland  
Ronja Lekven Bruvik  
Simon Hufthammer Øvretveit  
Theodor Thormodsen Tellnes

Leo Kausland

Madeleine Kvam Andresen  
Magnus Glesnes Stensvoll  
Mathilde Kolbeinsvik  
Mathilde Sætre Glesnes  
Noah Rabben Olsen  
Renate Haugsdal  
Sara Marie Finsås  
Thea Elisabeth Sande  
Ådne Glesnes Mæland

### Kausland kyrkje

**laurdag 12. september kl. 13.00**

Helena Nordstrand  
Idar Andre Solheim  
Jon Martin Fjellanger Vardøy  
Maren Mjøs Singstad  
Marthe Skråmestø Leknes  
Martine Grostad Vilhelmsen  
Mathias Emil Moldeklev Rogne  
Mathilde Asphaug  
Oline Mari Solheim  
Oliver Elias Straume  
Patrick Kausland  
Thea Asphaug

### Kausland kyrkje

**sundag 13. september kl. 11.00**

Celine Birkeland Nilsen  
Even Hamre  
Even Øvretveit Mortensen  
Herman Steinsland  
Isak Ekerhovd Telle  
Kristoffer Telle bruvik  
Lenea Hetlevik Vabø  
Noah Boga Ekse  
Rebekka Eriksen  
Robin Severin Thorgersen Solvang  
Sara Horgen Toft  
Sarah Olsen Grotle  
Silje-Kristin T. Melkevik  
Tiril Gullaksen Wiese

## Bønering

Bibelen er full av løfte om bøn, for eksempel i Matteus står det:

«Be, så skal de få. Leit, så skal de finna. Bank på, så skal det latast opp for dykk.»

I kyrkjelyden har vi starta ein bønering for Sund sokn. Her ynskjer vi å oppmuntra kvarandre til å be for dei som er sjuke, i karantene, einsame, og borna og ungdomane våre, for land og folk.

Om du ynskjer å bli med, berre få litt informasjon eller har noko du ynskjer vi skal be for, ta kontakt med diakoniarbeidar Hildegunn B. Myklebust, mobil: 477 07 698 eller på e-post: [hm849@kyrkja.no](mailto:hm849@kyrkja.no)

# Kyrkjekino med kveldsgudsteneste

På sundag 16. februar var det igjen duka for – **Kyrkjekino med kveldsgudsteneste** – i Sund kyrkje for alle 13-åringane som ville vere med ☺

Då vi treffest, ein fin ungdomsgjeng, kl. 13.00, blei vi først litt kjende med kvarandre før vi rigga oss til i kyrkjekjellaren med stort lerret og godt lydanlegg. Det var Narnia-filmen «Løven, heksa og klesskapet» som stod på menyen. Dette er ein lang film, så det var heilt naudsynt med ein liten pause midt i og finne fram rikeleg med snacks!

Etter filmen hadde Tone og Ivar teke i bruk den nye kyrkjegrillen (som funkar like godt midtvinters som sommar!) og laga herlege hamburgarar til oss, og vi åt saman og prata om alt mellom himmel og jord! Men med lange arrangement inne i ei kyrkje kan det vere godt med litt frisk luft, og vi bestemde oss for å ta ein tur ut og prøve oss på boomerang-kasting på fotballbana! Vanskeleg, men gøy også ...


Narnia-filmen har mange kontaktpunkt

med påske-bodskapen. Og etter den friske turen ute, las vi saman i Bibelen om korleis Jesus leid og døydde på krossen for våre synder, men signa over døden og stod opp igjen på den tredje dagen. Så prata vi om at nettopp fordi Jesus har ordna opp for oss, er vegen til Gud heilt open! Han elskar oss og bryr seg om oss og inviterer oss faktisk til å koma fram for han med alt det vi har på hjartet. Dette kallast å be. Vi gjekk inn i kyrkjerommet og presten, Kjell-Asle, viste oss lysgloben, som er fin å nytta når vi skal be, og vi fekk høyrá om nattverden der vi får eit levande møte med Jesus!

Dagen i kyrkja enda med at ungdomane vart med på kveldsgudstenesta i Sund kyrkje kl. 18.00, saman med resten av kyrkjelyden. Her las to av 13-åringane høgt frå Jesaja 53, om Herrens lidande tenar. Tusen takk til alle som var med som leiarar på Kyrkjekino – denne gongen var vi også så heldige å få hjelpe frå Sandra og Hans-Magnus, to av dei unge vaksne på Boost (kyrkjelyden sitt ungdomsmiljø for dei over 15 år)!

Det var tydeleg at 13-åringane hadde det gøy i lag, og at det vart ein spennande og tankevekkande dag i kyrkja.

**Dag Reidmar Pettersen**  
Kyrkjelydspedagog,  
Øygarden kyrjelege fellesråd



13-åringane koste seg med Narnia-filmen «Løven, heksa og klesskapet» i Kyrkjekjellaren.



Biletet viser mange av dei 4-åringane som fekk utdelt «Bibelboka mi» i Sund kyrkje.

## «Bibelboka mi» til 4-åringane

Kvart år deler Soknerådet ut «Bibelboka mi» til 4-åringane i kommunen. «Bibelboka mi» inneheld 16 korte forteljingar frå skapinga til den nye himmel og den nye jord. Til kvar forteljing er det knytta ein song og ei bøn.

Søndag 2. februar var 4-åringane i Sund sokn inviterte til å møta opp i Sund kyrkje, og mange av dei tok imot tilbodet og kom saman med foreldre og gjerne besteforeldre òg.

Litt ute i gudstenesta vart alle 4-åringane som var komne til kyrkja, bedne om å koma fram i kyrkja, så skulle dei få utdelt boka. Det var Kjell-Asle Børnes som delte ut bøkene saman med Brynhild Enerhaug.

Då alle hadde fått ei bok i neven, kunne dei løfta opp boka og visa til resten av kyrkjelyden den fine boka som dei hadde fått.

I preika si kunne Kjell-Asle Børnes visa til forteljingar som står i boka.

*Ola Otterå*



*Kjell-Asle Børnes deler ut «Bibelboka mi» til dei frammøtte 4-åringane.*



Rundt 50 personar møtte fram til gudstenesta i Sjømannskyrkja på Tenerife ein söndag ettermiddag i februar.

## Sjømannskyrkja på Tenerife samlar mange

Sjømannskyrkja på Tenerife ligg fint til eit lite steinkast frå ei av strendene i Los Christianos. Her er det ope fleire dagar i veka, og mange nordmenn stikk innom for ein liten prat eller for å kjøpa seg ei vaffel eller to. Her kan dei òg låna med seg ei bok. Kvar söndag er det gudstesteneste, og då er det mange som kjem innom.

Tidlegare var Den norske sjømannskyrkja på Tenerife saman med den svenske nokre kvartal lengre borte i gata, men i 2016 fekk dei overta eit tidlegare legekontor som dei brukte hausten til å om-innreia. I januar 2017 kunne dei nye lokala opnast for norske gjestar som var på ferie i Los Christianos og Playa de las Américas like ved.

I februar var vi 14 dagar på Tenerife og fekk då høve til å besøkja sjømannskyrkja. Der er det Torgeir Vea som er sjømannsprest for tida. Saman med kona si og to friviljuge (eit ektepar) tek dei seg av den daglege drifta. Dei friviljuge er gjerne eit ektepar som er der ei viss tid, og så blir dei avløyste av eit anna ektepar.

På söndagen er det til vanleg gudsteneste. Rundt 50 personar var til stades den söndagen vi var der. Om laurdagen serverer dei t.d. graut. Den laurdagen vi kunne ha vore der var det så mange som kom at det nesten ikkje var nok graut til alle. Så det er tydeleg at mange nyttar seg av tilbodet til Den norske sjømannskyrkja på Tenerife.

Olai Otterå



Nesten heilt inn til denne stranda i Los Christianos på Tenerife har Den norske sjømannskyrkja halde til sidan 2017.



I 2. etasje i dette bygget i Los Christianos held Den norske sjømannskyrkja på Tenerife til.

# Håpets kyrkje

Påskehøgtida står for døra, og gjennom den stille veka følgjer vi Jesus på Via Dolorosa med *grava* som siste stasjon. Det blir mørkare og mørkare gjennom veka, og til slutt lukkar gravmørket seg om Jesus. Redde og fortvila læresveinar står att med tårene og håpløsheten. Men så må det ha skjedd noko, for evangeliet stansar ikkje der. Vi får også høyra om ei *tom* grav og om sorg som blir vendt til glede. Fleire og fleire fekk erfare at Jesus er ingen død helt, nei, han er istaden Herre over dødens makt! Difor treng han verken minnestund eller nekrolog. Istaden treng han nokon å dela sigeren med – også i 2020.

Og det er jo dette vi blir minna om kvar gong vi stig inn i Sund kyrkje, *håpets* kyrkje!

Då kjem sigerherren Jesus oss i møte gjennom den vakre og talande alternatavla. Han held fram hendene sine, viser oss naglemerkene, og seier: «Ver ikkje redd! Eg er den fyrste og den siste og den levande. Eg var død, men sjå eg lever i all æve og har nyklane til døden og dødsriket.» (Op 1,17-18) Får

han dela sigeren med *deg*? Det spørsmålet skal få lyda i *alle* kyrkjer og kristne forsamlingsar også denne påskehøgtida. For det er ikkje berre Sund kyrkje som er håps-kyrkje. Overalt der evangeliet om sigerherren får lyda – er det levande håpet mulig å *gripa*, sjølv om det er vanskeleg å *begripa*! Og Jesus møter oss ikkje berre gjennom Ordet. Han kjem også til oss i skikkelse av vin og brød. Slik får vi del i sigeren på *konkret* måte – på tross av alt vi ikkje forstår. Brødet som vert lagt i handa vår og vinen vi får i begeret er klar beskjed om at Jesus vil dela sin siger

med oss!

Og som kyrkjelyd feirar vi nettopp dette! Det kristne fellesskapet består av krossmerka menneske som kjem saman for å feira at vi får vera på det sigrande laget. Vi er ikkje samla til minnestund, og vi

underlagt». Og slik blir ikkje krossen først og fremst eit dödssymbol, men det fremste kristne symbolet for at Gud gjennom Jesus Kristus har gjort død til liv for oss!

Lat oss difor finna vår plass i *håpets* kyrkje! Det er staden for alle som er krossmerka... «...så fikk du den levede møte, å salige, salige stund!»

GOD PÅSKE!

Kjell-Asle Børnes

## Påskeandakten

lyttar ikkje til nokon nekrolog. Nei, vi er samla for å møta han som døden ikkje kunne halda på! Difor syng vi: «Deg være ære, Herre over dødens makt! Ewig skal døden være Kristus

**Om solen Skinner eller været er grått kjør deg en tur og få humøret på topp.**



Se kjøretøyene på seniorscootere.no eller ring 929 86 260 Bjarøyhamn.

Du kan ringja **Kirkens SOS** helle døgeret, tlf. 22 40 00 40  
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen



**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 4, 5353 Straume  
[ samme hus som Ligningskontoret ]

## GRAVMINNEN



**Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

**Bergen & Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
**POLDEN**

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Heine  
Polden



Cathrine  
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)



**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2. etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



## Redas Neglestudio

Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner  
Lensmannsvegen 17B,  
5378 Klokkarvik

Epost: redapukelis@gmail.com  
Facebook: Redas neglestudio

## DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44

**PALMA PIZZA**

Tlf. 56 33 92 78

**KIWI mini pris**

Tlf. 56 33 74 93

**Marmic**  
Klær og interiør  
**homestore.no**  
Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



**ditt apotek**

SUND APOTEK  
Tlf. 56 33 88 80



**BRANSJE:** INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER  
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK  
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO

## Myldredagar

- for heile familien
- besteforeldre også

**Klokka 17.00-19.00**

**Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje**

05. mai

**Kyrkjelydshuset på Kausland**

22. april

27. mai

**Middag -**

**bibelfortelling -  
aktivitetar -  
fellesskap**

Ta med familien og kom,  
eller kom åleine.

Grunna koronaviruset må vi ta  
etterhald om at nokre av datoane  
kan bli avlyste. Følg med på  
[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden) og klikk  
deg inn på [Sund sokn](#).

## Vil du vere med?

**Har du lyst å vere med som  
frivillig i Sund kyrkjelyden?**

**Har du eit ønske om å ta  
del i teamarbeidet rundt ei  
gudsteneste?**

Når vi feirar gudsteneste i  
kyrkjelyden, er det ulike frivillige  
oppgåver du kan få vere med på:  
klokkaroppgåver,  
kyrkjevertoppgåver eller  
kaffiveroppgåver.

**Vi vil gjerne ha deg med!**

Ta kontakt med diakonen vår,  
Hildegunn, så fortel ho deg meir  
om kva dei ulike oppgåvene  
går ut på.

Ho kan nåast på mobil  
**477 07 698** eller på e-post:  
[hm849@kyrkja.no](mailto:hm849@kyrkja.no)

## Vil du bli med på klubb? **Betweenklubb**

Med etterhald om avlysingar grunna koronautbrotet, står desse datoane att denne våren:

21. april

19. mai

**Klokka 17.30 - 19.30**

i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.  
Frå 4. klasse og oppover.

**Leikar, aktivitetar,  
Bibelen, kveldsmat.**

Velkommen,  
og ta gjerne med ein venn!

## Føremiddagstreffa

Føremiddagstreffa veksler mellom Kyrkjekjellaren i Klokkarvik og Kyrkjelydshuset på Kausland. Dei startar med ein felles lunsj før gjesten taler om sitt tema. Føremiddagstreffa er siste onsdagen i månaden og startar alltid kl 11.30.

**29.04 Kyrkjelydshuset, Kausland**

Gjest og tema ikkje fastlagt

**27.05 Kyrkjekjellaren, Klokkarvik**

Gjest og tema ikkje fastlagt

*Om det blir noko føremiddagstreff dei to siste datoane denne våren, er avhengig av korleis koronautbrotet utviklar seg.*

## Onsdagstreffa

Onsdagstreffa på Aktivitetsenteret i Skogsskiftet held fram utover vinteren og våren. Treffa tek kvar gong til kl 11.00. Det blir både mat og underhaldning.

Onsdag 6. mai

Onsdag 3. juni

*Tek etterhald om avlysingar  
grunna koronautbrotet.*

## Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

**Barne- og ungdomsarbeidet:**

Kto.nr.: 3628.50.65156

**Kyrkjelydsarbeidet:**

Kto.nr.: 3470.44.67003

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

 **KIRKEN S OS**



Via **INTERFLORA**  
formidlar vi blomstrar  
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt  
i binderi til fødsel, dåp,  
konfirmasjon, bryllaup,  
gebursdagar og gravferder -  
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader  
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

**Tlf.: 56 33 90 13**

Faks: 56 33 93 01

## Nettside

### DEN NORSKE KYRKJA I ØYGARDEN

Det er laga ei felles nettside for alle kyrkjesokna i Øygarden kommune. Kyrkjeverja har det redaksjonelle ansvaret. På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein kalender som viser aktivitetar.

[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

## GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



**KJØL STENINDUSTRI AS**

6490 EIDE

**Døypte****Gravlagde****23.02 Kausland kyrkje**

Sofrid Vorland

**01.03 Sund kyrkje**

Sverre Hjørnevik-Blikberg

**08.03 Kausland kyrkje**

Ava Foldnes Vindenes

**04.02 Sund kyrkje**

Leonard Koch, f. 1944 (bisetjing)

**11.02 Sund kyrkje**

Vigbjørn Steinsland, f. 1947

**27.02 Kausland kyrkje**

Magnus Telle

**12.03 Sund kyrkje**

Sylvia Nepstad, f. 1935 (bisetjing)

**Korøving  
i Sund kyrkje****STJERNEKORET**

(frå 4 år til 3. kl.)

**øver kl 17.30 - 18.30****BETWEENSKORET**

(frå 4. kl. og oppover)

**øver kl 18.30 - 19.30**

Med etterhald om koronaavlysing:  
 14. og 28. april  
 12. og 26. mai

Nye og gamle medlemer  
 er velkomne!

**Vårmarknad**

Vårmarknaden laurdag 25. april i

Kyrkjelydshuset på Kausland  
 blir **utsett, truleg til hausten ein gong grunna koronautbrotet.**

Det vert kafé, sal av bakverk  
 og basar.

Vil du vera med å bidra med noko?

Aslaug Flatråker tek imot  
 gevinstar.

Andre kontaktpersonar er:

Anne Berit Glesnes 97716304

Torbjørg O. Bakke 98607675

**PRESTETENESTA I SUND**Kontakt med prest måndag – fredag kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**Ein kan også kontakte kyrkjekontoret: **55 09 74 40****Samtale og sjælesorg**

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontaktet for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjælesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

**Ynskje om dåp**

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølv ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller voksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

**DEN NORSKE KYRKJA****Sund sokn**

Telefon sentralbord: ..... 55 09 74 40

**Post- og besøksadresse:**

Øygarden kyrkjekontor  
 Tytebærbrekko 2  
 5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

**Ekspedisjonstid:**

Måndag - fredag ..... kl. 10.00 - 14.00

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no**Nettside:** www.kyrkja.no/sund

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

**Soknepresten**

Kjell-Asle Børnes..... 48 00 26 97  
 sokneprest ..... 41 41 66 67  
 E-post: kb427@kyrkja.no

**Soknerådet**

Svein Marius Myklebust  
 soknerådsleiar  
 E-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

**Solstrands**  
*Begravelsesbyrå as*

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE GRAVFERD****Sund  
Sokneblad**

Utgjevar: Sund Sokneråd

**Adresse:** Tytebærbrekko 2,  
5353 Straume**Konto:** 3628.07.11645**Kontingent:** 250 kr pr. år**Redigering:** Olai Ottera**Redaksjon:**  
Olai Ottera ..... 928 93 057**E-post:**  
sund.sokneblad@bkkfiber.no**Trykk:**  
Bodoni AS, Straume**Opplag:** 2.950

Returadresse:  
Sund Sokneblad,  
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

## Boost på tur til Impuls i Stavanger



Fellesbilete ved Mosvatnet i Stavanger sentrum. (Foto: Tilfeldig forbipasserande)

Den siste helga i januar var vi 16 stykk frå Boost (ungdomsmiljøet i Sund kyrkjelyd) som sette kurset for Stavanger for å vere med på ungdomsfestivalen Impuls der. Saman med andre ungdomar frå Øygarden og Askøy fylte vi opp ein eigen leig buss og stemninga var høg frå første stund!

Det er IMI-kyrkja som arrangerer festivalen og har over tjue års erfaring med det – her kjem det ungdom frå heile landet og i år var det oppunder 2500 deltagarar. Losjet var enkelt; alle vart plasserte på store sovesalar og maten ordna vi med sjølve.

Møta på Impuls ber eit ganske anna preg/form enn ei vanleg gudsteneste i kyrkjja; her var det fullt band, glimrande lyd og profet lys- og sceneoppsett! Det var ein fantastisk lovsong som det var lett å delta i, og vi fekk lytta til oppbyggjeleg forkynning. I år var hovudtalaren frå England – Mike Pilavachi – som trass sine nesten 60 år leiar ungdomskyrkjelyden Soul Survivor i London. Med sin herlege humor og morosame framtoning bar han fram ein sterkt budskap om å ha identiteten sin i det å vere elsa av Gud. Pilavachi

utfordra oss også på å ha eit personleg forhold til Gud – å våga å la Jesus få sleppa til å liva våre og gjere sin gode gjerning i oss og gjennom oss.

I løpet av helga var det også mange ulike seminar ein kunne vere med på, om ulike aktuelle og spennande tema knyta til ungdom og kristen tru.

På laurdagen fekk vi oss dessutan ein herleg tur til Stavanger sentrum der vi åt pizza saman med resten av ungdomsgjengen frå Sotra! Vi ifrå Sund kyrkjelyd opplevde eit utruleg godt samanhald og vart kjende med mange nye – frå både fjernt og nært.

Dag Reidmar Pettersen



### Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.  
Lat riket ditt koma.  
Lat viljen din råda på  
jorda slik som i him-  
melen.

Gjev oss i dag vårt  
daglege brød,  
og tilgjev oss vår skuld,  
slik vi òg tilgjev våre  
skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i  
freisting,  
men frels oss frå det  
vonde.

For riket er ditt og mak-  
ta og æra i all æve.

Amen.

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 17. juni

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 3. juni